





HOTEL GEIRANGER



www.havilahotelgeiranger.no



VELKOMMEN TIL HAVILA HOTEL GEIRANGER!

Havila Hotel Geiranger har tradisjonar tilbake til 1860-talet. Du finn oss i hjartet av Geiranger – i vasskanten ved vakre Geirangerfjorden, som står på UNESCO si verdsarvliste. Enten du vil utforske fjorden og fjella i nærleiken eller ta ein dagstur for å utforske vakker og historisk arkitektur i Ålesund, er Havila Hotel eit perfekt utgangspunkt: Eit stilreint og moderne hotell i majestetiske omgjevnader, med nærliek til aktivitetar og eventyrlege opplevingar.

Vi serverer mat laga med kjærleik, av ferske, lokale råvarer. Vi har gratis parkering og gode møtefasilitetar. På hotellet finn du to restaurantar, hyggelege salongar, intime barar, suvenirbutikk og panoramaterrasse med ei fantastisk utsikt.

HISTORIA OM TURISMEN I GEIRANGER

Før Geirangervegen over fjellet til Skjåk var ferdig i 1889 – og vegen frå Grotli til Hjelle i 1894 – var Geiranger ei bortgøymt bygd i enden av ein fjord. Dei få turistane som kom, kom for det meste med båt, og mange av dei gjekk knapt i land.

Dei første båtturistane

Den 9. juli 1869 gjekk det i land eit reisefølgje av britiske kvekarar under leiing av bankmannen Edward Backhouse. Følgjet overnatta om bord i yachten dei kom med, «Nereid». Backhouse fekk samla ei gruppe lokale folk som han tok bilde av, og det blei det første fotografiet teke i Geiranger nokon gong. Medan dei bygde Geirangervegen i 1888, kom det 39 turistskip til Geiranger. I 1889 og -90 kom det enda 39 skip, deretter auka talet til rundt 70 ved hundreårsskiftet. Det tok berre ti år før Geiranger var etablert som turistbygd.

Martinus K. Merok, «Lånabuda» og hotellutbygging

Hotellbygginga starta med Martinus K. Merok. I 1869 sette han opp ei «lån» eller handelsbu i Maråkvika, eit vertshus som hadde plass til losjerande. «Lånabuda» blei seinare til Meroks Hotell. «Lånabuda» låg den gong der restauranten vår «Låna» ligg i dag. Dei første vegarbeidarane kom i 1880, og på grunn av vegbygginga fekk Meroks hotell eit oppsving. Med over 300 anleggssluskar i bygda, auka behovet for overnattingsplassar dramatisk. På grunn av dette reiste norddalingen Nils Petter Weiberg ein tømmerbygning som

losjhuis tidleg i 1880-åra. Etter at vegen var ferdig, selde han i 1892 huset til bøndene på Vinje og Marok. Dei fekk hjelp til finansiering av Johannes Olsen Aasen (1846-1942). Han hadde drive kolonial og skipshandel i Ålesund, men flytta til Geiranger i 1882 fordi kona ikkje treivst i byen. Johannes var både skrive- og rekneskapskyndig. I samarbeid med bøndene etablerte han Hotell Geiranger. Dei bordkledde og utvida tømmerhuset og bygde veranda.

På vel ti år blei det etablert fem hotell i den vesle bygda. Før vegen og hotella kom, hadde folk knapt sett ein einaste turist og såg med skepsis på framandfolk. Eit så raskt hamskifte var det ikkje mange bygder som opplevde, og hovudgrunnen var bygginga av vegen over fjellet. Den avstengde bygda blei ein attraksjon, og etter kvart også ein del av verdsarven. Kombinasjonen av vegbygging og hotellbygging skapte ein næringsmessig revolusjon i den vesle fjordbygda, der dei rundt 400 innbyggjarane fram til då for det meste hadde drive gardsbruk. Utruleg at ein veg kan skape eit slikt under!

I 1957 blei Meroks hotell bygd på i moderne stil til det bygget vi kjenner i dag. Utviklinga skjedde også på Hotell Geiranger, med nybygg klart både i 1964 og 1974.

I 1995 blei Meroks Hotell og Hotell Geiranger, som allereie da hadde vore drive som eitt hotell, bygd saman med ei bru. Det blei samtidig bygd ny resepsjon, glasheis og fasade. I 2020 overtok Havila hotellet frå familien Haldorsen, som har drive det i ca. 30 år.


bonseye.no

Tlf. +47 479 63 091

BONSEYE

Opplev verdsarven frå fjorden, og høy historia om dei som har budd her fra 1600 tallet og fram til i dag. Våre lokalkjende guider og eineståande natur gjer at denne turen vil bli eit minne for livet.

@bonseye.no



ROMMA VÅRE

På Havila Hotel Geiranger har vi 151 rom av god standard. Utsiktsromma har balkong mot Geirangerfjorden, medan standardromma har utsikt mot dei majestetiske fjella.



STANDARDROM

Standardromma er det rimelegaste alternativet vårt. Storleik og utforming varierer, men dei fleste er kompakte og har avgrensa utsikt mot hotellhagen. Her får du separate enkelsenger, 1-2 lenestolar, flatskerm-TV, gratis Wi-Fi og bad med dusj/WC og hårfønar (nokre få har badekar). Nokre av romma har moglegheit for ekstra oppreiing.



STANDARDROM PLUSS

Standardrom pluss er romslege og nyrenoverte rom på 25 kvadratmeter med utsikt mot det bratte Vesteråsfjellet. Romma har sitjegruppe med sofa og lenestol, bad med badekar og hårfønar, flatskerm-TV og gratis Wi-Fi. Romma har separate enkelsenger og moglegheit for ekstra oppreiing.



STANDARD FJORDUTSIKTROM

Dersom du vil vere garantert flott utsikt under oppholdet, er eit fjordutsiktrom noko for deg. I tillegg til utsikt har desse romma møblert balkong, lenestolar, skrivebord, hårfønar, gratis Wi-Fi og flatskjerm-TV. I tillegg har dei bad med badekar, og mange har moglegheit for ekstra oppreiing. Romma er på 20 kvadratmeter og har separate enkeltenger.



PANORAMAROM

Panoramaramma er lokalisert høgt oppe i hotellet og har ei fantastisk utsikt over Geirangerfjorden. Her får du møblert balkong, bad med badekar og hårfønar, sitjegruppe med sofa og lenestol, skrivebord, flatskjerm-TV, kjøleskap, strykeemoglegheiter, kaffe- og te-brett, gratis Wi-Fi, oppgradert møblement og utstyr. Desse romma er på 21 kvadratmeter, har separate enkeltenger og moglegheit for ekstra oppreiing.



FAMILIEROM/TRIPPELROM

Familieromma er dei største romma vi har. Desse romma har tre ordinære senger og moglegheit for ekstra oppreiing til 1-2 barn. Romma er på 28 kvadratmeter og har eiga sitjegruppe med sofa og lenestol, skrivebord, flatskjerm-TV, gratis WIFI og bad med dusj. Familieromma ligg lågt i bygget og har avgrensa utsikt.





*Reis til Geiranger
og kombiner
arbeidsdagen med
fantastiske opplevingar
i storslått natur!*

KURS OG KONFERANSAR

På Havila Hotel Geiranger har vi mange moglegheiter for deg som skal halde kurs, konferanse eller ei uformell samling. Vi er fleksible og tilpassar lokala til dine behov. Lokala våre passar til alt frå små leiarsamlingar og styremøte til kickoff-arrangement og store konferansar. Vi har også rom som eignar seg særskilt til formelle og intime samlingar.

«WORKATION» I GEIRANGER

Kom deg ut av kvardagen og opplev noko nytt!

Ta med deg heimekontoret ut, og finn ro og inspirasjon blant ruvande fjelltoppar og mektige fossefall i vakre Geiranger. På Havila Hotel Geiranger får du eit eige rom som kontor. Med skiløyper 10 minutt frå hotellet, fjordkajakk, elsykkel og ei rekke flotte turar er det lagt til rette for å senke skuldrene mellom arbeidsøktene. Med Geiranger som kulisse og verdsarvfjorden rett utanfor vindaugeit ønskjer vi deg velkommen til Workation.

Ved å bytte ut heimekontor med bortekontor kan du oppleve ein heilt annan konsentrasjon og flyt i arbeidet. Dei kvardagslege rutinane blir bytta ut med naturopplevingar, som turar i fjellet eller padletur på fjorden. Med nokre dagar på Workation får du moglegheit til å nyte dagslyset ute i naturen, og heller forskyve arbeidsøkta til ettermiddagen.





RESTAURANTANE VÅRE

Låna Bistro og Skageflå

I 1. etasje finn du Låna Bistro – med idyllisk uteservering og bar nede ved vasskanten. Restauranten blei pussa opp i 2019 og serverer gode småretter og snacks av lokale råvarer.

I 6. etasje finn du restaurant Skageflå. Her serverer vi frokost og middag i luftige omgjevnader. Restauranten blei pussa opp i 2021 og har flott utsikt trass i at han ligg «midt» i hotellet. Her får du servert god mat basert på råvarer frå lokale leverandørar, saman med lokal drikke.

*I baren kan du
mellom anna nyte
lokalprodusert øl frå
Geiranger bryggeri*

A close-up photograph of a bride and groom. The groom, on the left, is wearing a dark blue suit, white shirt, and a dark blue bow tie. He is leaning in to kiss the bride's cheek. The bride, on the right, is wearing a white wedding dress with a lace bodice and a full skirt. She has her hair styled up with a veil and is wearing a pair of blue and white stud earrings. She is smiling and looking towards the camera. She is holding a bouquet of white flowers. A circular yellow overlay contains the text.

*Enten du skal ha ei
intim, privat feiring
eller ein storstått
firmafest, hjelper vi deg
å skape den perfekte
atmosfæren for
anledninga.*

LOKALE TIL SPESIELLE HØVE

Vi skreddarsyr opplegg til ditt arrangement

Lokala våre er eigna til alle slags arrangement, som minnestund, jubileum og bryllaup. Eller kva med ein sommarfest på den fantastiske takterrassen vår?

På Havila Hotel Geiranger har vi kapasitet til selskap for opptil 150 personar og kan halde fleire selskap samtidig. Menyen blir skreddarsydd i samarbeid med deg. Vi leverer pakkeløysingar som samtidig er fleksible og opne for personlege tilpassingar.



På lag med naturen utvikler vi produkter og løsninger som styrker din konkurransekraft

GEIRANGER

– 365 dagar i året

*Enten du skal på ferie
eller skal ha nokre
dagar med «Workation»,
står Geiranger
klar og ventar på deg.*

Å besøke Geiranger er attraktivt heile året – også om vinteren. Kontrastane mellom sommar og vinter er store, men vi byr på flotte opplevingar uansett årstid. Om sommaren er det sydande stemning og yrande liv i bygda. Om vinteren kan du oppsøke elementa og nyte den stille roa. Du kan delta på varierte aktivitetar som topptur, vinterkajakk og sjokoladesmaking.



Takk til våre
samarbeidspartnalar!

RINGDAL
— Kvalitetsmat frå Hellestyt —



Stolt leverandør til Geiranger Hotelldrift
www.olerinalingdal.no



**Velkommen til
Sjokoladenustet
café og butikk**

Håndlaget, internasjonalt
prisbelønt sjokolade.

Hjemmelaget soft-is, sjokoladevaffel på pinne
og andre godsaker laget nede i kjelleren.

Se inn i produksjonen fra nedsiden av naustet.


GEIRANGER
sjokolade

Postboks 7, 6216 Geiranger
Tlf. 96 72 52 05
E-post: benkt@geirangersjokolade.no
www.geirangersjokolade.no



VIP-tours • Taxi • Sightseeing • Hop on - hop off • Airport transfer • Cruise service • Events

Tlf. taxi: +47 4000 3741 • Tlf. headoffice: +47 982 41 928 • E-post: info@geirangertaxi.no • www.geirangertaxi.no

Nyt sesongens
ferske skalldyr!




DOMSTEIN
— FERSK FISK HVER DAG —

Totalleverandør av sjømat

Domstein Sjømat Oslo • Tlf. 22 90 18 50

 [domsteinsjomat_oslo](https://www.instagram.com/domsteinsjomat_oslo/)



AKTIVITETAR I GEIRANGER

Våre samarbeidspartnarar tek deg med på unike opplevingar.

Geiranger Fjordservice

Med majestetisk natur, frodige fossefall, mektige fjell og ein klar, djup fjord har Geiranger sikra seg ein plass på UNESCOs verdsarvliste. Geiranger Fjordservice AS er eit selskap med lokale eigara og kontor i Geiranger. Geiranger Fjordservice har utleie av syklar og bilar og kan dessutan tilby transport, guiding og ulike opplevingar og aktivitetar. Som lokal aktør ønskjer vi å gi nettopp deg ei unik oppleving av staden. Geiranger Fjordservice tilbyr sightseeingbåt på Geirangerfjorden og båtrute mellom Ålesund og Geiranger.

Bonseye

Bonseye har miljøvennlege båtar, lang erfaring på sjøen og ei levande interesse for lokalhistorie. Vi er dermed unike som leverandør av båtturar på Geirangerfjorden og Sunnylvsfjorden. Dei lokale guidane våre ønskjer å vere gode ambassadørar for området. Vi knyter fortid og notid saman gjennom spennande historier som startar for 9 300 år sidan og endar i dag.

Livet på fjellgardane langs Geirangerfjorden kunne vere hardt og farefullt. Her gjekk gleder og sorger hand i hand. På guida turar med Bonseye vil vi formidle glimt av desse liva, frå bryllaupsfestar med bognande matbord, til

sjukdom og ulykker, frå slåttearbeid og til vinterens utfordingar. Mange av gardane er restaurerte og kan sjåast frå fjorden, medan andre er tekne av snø-, stein- eller jordras og er dermed tapt for ettertida. Kjeldene våre for ekte historier er bygdebøker, offentlege arkiv og eldsjeler som møtte de siste menneska som budde på gardane.

Fjord Nature

Fjord Nature er ei lokal naturguide-bedrift. Helge Kvam Karbø etablerte firmaet i 2019 fordi han såg utfordringa turistar og reisende har, korleis finne fram, overturisme, forsøpling og lita verdiskaping.

Fjord Nature vil bidra til at alle får ei betre oppleving, ved å tilby kvalitetsprodukt der ein løftar fram skjulte perler, lokal kultur og historie. Vi har trua på at møte mellom guide og gjest er svært viktig og har derfor valgt å legge stor vekt på kvalifiserte og utdanna guidar og små gruppstørrelser. Fjord Nature tilbyr heilårsopplevingar med fjordkajakk og guida turar, både Soft Adventure og topptur.

Geiranger Skywalk Dalsnibba

I august 2016 blei det nye platået på Dalsnibba offisielt opna. Namnet er Geiranger Skywalk. Underlaget består av



rister, og rekkverket er av glas. Dermed kan du sjå rett ned til sentrum og Geirangerfjorden samt til fjella og Blåbreen. Med eit fritt fall på omkring 500 meter får du kjensla av å sveve – sjølv om du naturlegvis står heilt trygt. Nord-Europas høgaste bilveg ligg 1 500 meter over havet og har ny restaurant og butikk.

Norsk Fjordsenter

Stiftinga Geirangerfjorden verdsarv er ei ideell stifting etablert av Norddal og Stranda kommunar saman med Møre og Romsdal fylkeskommune. Stiftinga held til på Norsk Fjordsenter i Geiranger. Dette er eit autorisert besøks- og formidlingssenter for verdsarven og er arenaen der Stiftinga Geirangerfjorden verdsarv viser fram ulike sider av arbeidet sitt. Norsk Fjordsenter er et heilårsope interaktivt museum som viser livet i Geirangerfjorden gjennom historia.

Geiranger sjokolade

Er du glad i sjokolade, er dette rette plassen for deg. Sidan juni 2010 har det blitt produsert sjokolade av høg kvalitet med lokale ingrediensar, inspirert av fjordar og fjell. Alt er laga frå botnen, utan tilsetningsstoff. Geiranger Sjokolade har vunne fleire internasjonale prisar, med spennande

smakar som brunost og blåskimmel.

Du finn sjokoladen i Holenaustet, midt i gågata i Geiranger sentrum. Kaféen og sjokoladebutikken er på gatenivå, medan produksjonen held til i kjellaren. Sjå etter den turkise sykkelen.

Geiranger bryggeri

Geiranger Bryggeri blei starta i 2015 og produserer øl til butikkar og restaurantar. Bryggeriet har ein maksimal årleg produksjon på ca. 100 000 liter. Prøv til dømes spenstige Vikingstøa Pale Ale, det elegante lagerølet Friaren eller surølet Sur og Snasen. Bryggeriet brukar lokalt vatn frå Geiranger i produksjonen.

Emobility

Gløyム fulle bussar, venting og kø – med dei spreke elbilane våre kjem du deg kjapt dit du vil. Vi garanterer ei humørfylt oppleving når du oppdagar verdsarvområdet på eiga hand, i ditt eige tempo. Vi driv bilutleige med eit smil!

Dei snakkande elbilane guidar deg rundt på dei spennande turane våre gjennom GPS-systemet i bilen.



HOTEL GEIRANGER

Havila Hotel Geiranger
Geirangerveien 22
6216 Geiranger

Telefon: 70 26 30 05
Epost: booking@hotel-geiranger.no

www.havilahotelgeiranger.no